

ÅRSMØTEPAPIR 2021

GLOPPEN SENTERPARTI



Standslaurdag i valkampen. Lokallagsleiar Per Jarle Myklebust, Solveig Lien Gusdal, Einar Ove Kårstad og Bernt Reed.

Årsmøte for 2021 vert halde i Breimshallen, 3. februar 2022 kl. 19.30.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

2. Konstituering

- Val av møteleiar
- Val referent
- Val av to representantar til å skrive under møteboka

3. Årsmelding for Gloppen Senterparti 2021

4. Rekneskap for Gloppen Senterparti 2021

5. Val etter lova

6. Aktuelle lokalpolitiske saker

Innleiing ved:

- Gruppeleiar Magni Aa Berge
- Ordførar Leidulf Gloppestad

7. Arbeidsplan 2022

8. Open post

9. Gjest

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 2 Konstituering

Framlegg til vedtak:

Møteleiar:

Referent:

Val av to møtedeltakarar til å skrive under møteboka:



Eit vanleg syn også i 2021. Gruppemøte i covid-19-stil.

Sak 3 **Årsmelding 2021**

Styret i 2021 har vore:

Leiar	Per Jarle Myklebust
Nestleiar	Einar Duvold
Kasserar	Arvid Gimmestad
Studieleiar	Karoline Bjerkeset
Styremedl.	Marit Straume
Styremedl.	Margrete Mjellem
Styremedl.	Elise Eide Dvergsdal
Styremedl.	Oddrunn Slagstad

1.vara	Oddvar Bjørlo
2. vara	Bernt Reed
3. vara	John Elling Vereide

Senterungdom Jenny Kleppe Flølo (ikkje møtt pga teneste i forsvaret)

I tillegg er gruppeleiar; Magni Aa Berge, medlem i styret. Ordførar Leidulf Gloppestad møter i styret som observatør.

Årsmøtet 2020 vart halde 3. mars. 2021 i Trivselshagen, Sandane. 26 medlemmar møtte. Fylkesleiar Sigurd Reksnes og førstekandidat på stortingsvallista, Erling Sande, var gjester under møtet

Styrearbeid

Styret har i arbeidsåret hatt 3 fysiske styremøte og 2 styremøte på Teams. I tillegg har styret utstrakt kontakt via e-post, sms og sosiale media. Gruppleiaren i kommunestyregruppa og ordførar er også innkalla til styremøta med henholdsvis tale- og røysterett og talerett. Heile styret får innkalling til gruppemøta til kommunestyregruppa. Her har styret talerett. Kommunikasjonen mellom styret og kommunestyregruppa føler vi derfor er god og det er ein styrke for heile lokalpartiet. Arbeidet har også dette arbeidsåret vore prega av covid-19 og dei restriksjonane som dette har medført. Det har vore vanskeleg å ha fysiske samlingar for medlemmane.

Valkamp

Førebuing til stortingsvalet i 2021 har vore den viktigaste arbeidsoppgåva dette arbeidsåret. Vi valde tidleg eit valkamputval som skulle ha hovudansvaret for dette. Nestleiar i styret, Einar Duvold var leiar. Han hadde med seg Elise Eide Dvergsdal og Oddrunn Slagstad.



Klar for valkamp! Fyrstekandidat Erling Sande og Per Rune Vereide.

Allereie 2.mars hadde vi første arrangement der vi i samarbeid med fylkeslaget hadde digital rundreise i kommunen for stortingskandidatane. Med Erling Sande i spissen og representantar frå lokallaget møtte vi Brødrene Aa AS, Firda vidaregåande skule, Gloppen næringsorganisasjon, Bondelaga i Gloppen, Fagmøblar AS, Pocket-ID og Gloppen hotell. Dette var eit vellykka opplegg der vi fekk gode diskusjonar med bedriftene/organisasjonane om deira utfordringar og ynskje. I og med at vi hadde teamsmøte med kvar enkelt bedrift/organisasjon rakk vi over mykje denne dagen. Det var gode tilbakemeldingar frå dei som deltok.

I slutten av august hadde vi også ein dag med fysiske bedriftsbesøk der Erling Sande og Emma Berge Ness var med oss på besøk hjå Sande Settefisk, gardsbesøk hjå Jens, Kristen og Marit Grov med avslutting av dagen hjå Bolseth glas AS. Senterungdomen hadde same dag debatt på Firda vidaregåande skule.

Stand er ein viktig del av valkampen. Vi har hatt stand på landsbylaurdag på Sandane og på Sandane-dagane hadde vi stand kvar dag med besøk frå kandidatane på lista. Dei påfølgande laurdagane fram til valet hadde vi stand på Sandane, Byrkjelo, Reed og Hyen. Senterpartiet gjorde eit godt val i Gloppen med 43,3 % av stemmene. Det var likevel ein tilbakegang på 5,5% For Sogn og Fjordane vart resultatet 28,4%, tilbake 1,1%

Erling Sande sikra seg med dette stortingsplass med god margin. Dessverre glapp det litt i slutfasen slik at Senterpartiet ikkje fekk 2 representantar frå Sogn og Fjordane slik vi lenge hadde godt håp om.



*Erling Sande er sikra plass på Stortinget! Her frå valvaka på Sunnfjord hotell.
T.h. fylkesleiar Sigurd Reksnes, Erling Sande og listekandidat Sander Solheim, Fjaler.*

Arbeid i kommunestyregruppa

Gloppen kommune har jobba hardt og godt for å få ein sunn kommuneøkonomi. Dette arbeidet ber no frukter og vi er truleg ut av Robek når rekneskapen for 2021 er gjort opp. Kommunestyregruppa til Sp har vore samla og har jobba aktivt for å få i land dette. Dette gjer at i økonomiplanen som vart vedteken i desember, har vi fått inn bygging av ny skule i Hyen. Andre utfordringar ein har er å få til meir næringsareal i kommunen. Her er det området på Teita i Breim som er det største prosjektet.

Kommunen er no inne i slutfasen for å få ny arealplan. Vi hadde medlemsmøte på Teams i vår der medlemene fekk hovudtrekka i planen og kunne kome med innspel.

Vi hadde også planlagt fysiske møter i Breim, Sandane og Hyen no før jul i samband med at formannskapet skulle ha andregongs handsaming av planen. No utsette formannskapet behandlinga og vi bestemte derfor at medlemsmøta vert utsett til etter formannsapsbehandling som vert i februar.

Møteverksemd for lokallaget

Årsmøtet i Sogn og Fjordane Sp vart digitalt på Teams i mai. Vi deltok med dei representantane vi skulle. I forkant sende vi inn forslag til utalar med tema om aktiv strandsoneforvaltning og betydning av aktivt landbruk. Styremedlemene har elles gjennom året delteke/hatt tilbod om deltaking på ulike web-seminar i regi av fylkeslaget.

Vi håpar alle at vi går mot ein «normal» situasjon der pandemien slepp taket og vi kan gjenoppta normal aktivitet. Ting har fungert bra med teams og fysiske møter når vi har hatt høve til det. Det har likevel gått utover den medlemsretta aktiviteten. Styret i lokallaget vil så godt det let seg gjere å legg opp til aktivitet som engasjerer og som gjer at du som medlem i partiet finn dette meiningsfullt.

Studiearbeid

Lokallaget rapporterer fast inn studiearbeid knytt til arbeid i kommunestyregruppa og har rapportert inn aktivitet knytt til dette for 1. og 2. halvår.

Melding frå Gloppen Senterungdom

Vert lagt inn i etterkant.

Medlemmar av Gloppen Sp som har tillitsverv/stillingar

- Erling Sande er stortingsrepresentant og studieleiar i Sogn og Fjordane Sp
- Per Rune Vereide er fylkessekretær for Senterpartiet i Sogn og Fjordane. Han har delteke på ei rekke arrangement i Senterpartiet (sentralt/fylket) i kraft av si stilling. Han er også tilsettrepresentant i sentralstyret i partiet.
- Torunn Flatjord er tilsett som fylkessekretær for Senterpartiet i Hordaland. Ho har deltek på ei rekke arrangement i Senterpartiet (fylket) i kraft av si stilling.
- Ordførar Leidulf Gloppestad er styremedlem i KS Vestland.
- Per Jarle Myklebust er leiar i valnemda i Sogn og Fjordane Sp.
- Karoline Bjerkeset er vara til fylkestinget og vara i utval for opplæring og kompetanse. Ho sit som fast medlem i klagenemda i Vestland fylkeskommune
- Signe Bjotveit er politisk rådgjevar for statsråd Ola Borten Moe og har vore politisk nestleiar i Sogn og Fjordane Senterungdom.
- Steffen Fjellestad har vore organisatorisk nestleiar i Sogn og Fjordane Senterungdom.
- Jenny Flølo Kleppe har vore vara til fylkesstyret i Sogn og Fjordane Senterungdom.



Dyktige representantar frå Gloppen Senterungdom. Jenny Flølo Kleppe, Steffen Fjellestad og Signe Bjotveit. Landsmøtet i Senterungdomen 2019.

Kommunestyregruppa i perioden 2019 - 2023

- Leidulf Gloppestad– ordfører/formannskapet
- Per Jarle Myklebust – varaordfører/formannskapet
- Magni Aa Berge – formannskap/gruppeleiar
- Solveig Lien Gusdal - formannskap
- Bernt Reed – leiar i oppvekst
- Jeffrey Thomas
- Eivind Reed
- Olav Sigurd Gundersen
- Janne Marie Solheim
- Solveig Lien Gusdal
- Jostein Arne Rørvik
- Karoline Bjerkeset
- Vegar Sårheim

Eivind Reed har hatt permisjon ei tid. Per Rune Vereide møter som fast representant i permisjonstida. Vi er no ein mindre kommunestyrerepresentant enn tidlegare pga.at vedkomande ikkje lenger er medlem i partiet. Det er også ein vararepresentant som har meldt seg ut av partiet.

Sak 4 Rekneskap 2021

Kasserar vil legge fram rekneskapen. Sjå eige dokument.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner rekneskapen.



*Gloppen Senterparti dekkja heile kommunen under valkampen.
Her frå ein laurdag på Byrkjelo. Janne Solheim, Bernt Reed og Vegar Sårheim.*

Sak 5 Val etter lova

Framlegg til vedtak: Årsmøtet vedtek innstillinga frå valnemnda slik den ligg føre:

			Neste valår
Leiar:	Egil Fjellestad	(ny)	2024
Nestleiar:	Einar Duvold	(ikkje på val)	2023
Kasserar:	Arvid Gimmostad	(ikkje på val)	2023
Studieleiar:	Karoline Bjerkeset	(attval)	2024
Styremedlem:	Marit Straume	(ikkje på val)	2023
Styremedlem:	Margrete Mjellem	(attval)	2024
Styremedlem:	Elise Eide Dvergsdal	(ikkje på val)	2023
Styremedlem:	Oddrunn Slagstad	(attval)	2024
1. varamedlem:	Bernt Reed	(ny)	2024
2. varamedlem:	Jon Elling Vereide	(attval)	2024
3. varamedlem:	Jostein Arne Røyrvik	(ny)	2024
Revisorar:	1. Svein Ravnestad	(attval)	2024
	2. Hilde Hole	(attval)	2024
			<u>Går ut</u>
Valnemd:	1. Jeffrey Thomas, Sandane	(leiar)	2024
	2. Jakob Straume, Hyen	(ny)	2025
	2. Per Jarle Myklebust, Breim	(ny)	2026

Utsendingar til fylkesårsmøte:

Grunna covid 19 og utsett frist for lokallagsårsmøte har sentralstyret gjeve lokallagstyra fullmakt til å velje fylkesårsmøte utsendingar.

Sak 6 Aktuelle politiske saker

Innleiing ved:

- Gruppleiar Magni Aa Berge
- Ordførar Leidulf Gloppestad

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet tek orienteringane til vitande.

Sak 7 Arbeidsplan 2022

Medlemsaktivitet

- Gløppen Senterparti skal ha medlemsmøter i komande år om aktuelle saker til dømes kommunen sin arealplan
- Stand ved ulike høve, til dømes på landsbylaurdagar og andre aktuelle arrangement.
- Politisk møter.
- Medlemsverving - i eit mellomvalår bør vi no fokusere på dette.
- Medlemsretta aktivitet, til dømes politisk møte, fellesturar.
- Studiearbeid.
- Førebu ny lokalvalkamp i 2023 ved å setje i gong nominasjonsprosessar og arbeide med nytt lokalprogram.

Informasjonsarbeid

Gløppen Senterparti skal kommunisere med medlemmane ved å:

- Nytte aktivt sms og e-post til utsending av informasjon til medlemmane. Medlemsregisteret skal vere oppdatert med telefon og e-post for dei som har dette.
- Styret og kommunestyregruppa får eit felles ansvar for å kome med innhald og oppdateringar på laget si heimeside.
- Bruke facebookside til publisering av laget sin aktivitet.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet vedtek arbeidsplanen for 2022.

Sak 8 Open post

Sak 9 Gjest



Liv Signe sto på stand for siste gong i Gloppen som stortingsrepresentant. Lokallagsleiar Per Jarle Myklebust takka ho for ein strålende innsats gjennom mange år.



Erling Sande er vår nye stortingsrepresentant. Han har fått det viktige vervet som leiar av Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget. Gloppen Sp ser fram til godt samarbeid!